



Geir Magne Smith
Radøyvegen 1622
5936 MANGER

Deres ref.:

Vår ref.:
20/18149 - 2 / MELABJ

Vedtaksdato:
20.11.2020 1259/20

Førehandsgodkjenning av masseutskifting/fjerning av knaus på GBNR 445/32 på Manger Nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 1259/20

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 4 i forskrift om produksjonstilskott førehandsgodkjenning til å fjerna knaus på GBNR 445/som synt på kart datert 19.11.2020 og masseutskifting av det omsøkte arealet på følgjande vilkår.

- Det kan berre førast til reine jordmassar frå utgraving av tomtar i Langhøyen
- Søkjar er ansvarleg for tiltaket.
- Arealet skal planerast og såast til så snart det er råd i høve til årstid/vekstseson.
- Godkjent avkjørsle frå fylkesveg må liggja føre dersom det er påkravd for utvida bruk.
- Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd . Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga over.

Saka gjeld

Geir og Eirik Smith søker om å fjerna ein bergknaus på eit jordbruksareal på Manger. Revidert kart og søknad datert 19.11.2020 syner at det er eit areal på under 1 daa som er omsøkt, og det vert opplyst på telefon at terrengendring er under 3 meter.

Eg har fått tilbud om jordmassar i bytte mot uttak av stein til hustomtar som ligg tett opptil mitt beite. Dette vil gjera beitet meir lettdrive, med tanke på gjødsling og beitepussing.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor område som er aktuelt for masseutskifting. Det vert nivåendring på mindre enn 3 meter, og masseutskiftinga vil også halda seg under 1 dekar i omfang. Totalt har dei estimert behov for 8-900 m³ stein, og køyredistansen mellom dei aktuelle tomatane og område for uttaket er innafør 500 m.

(Sjå vedlagt kart som også viser staden der eg kan tenkja meg masseutskiftinga)

Grunngjeving for søknaden er å få ein meir rasjonell teig som det kan nyttast beitepussar på. Området skal masseutskiftast og steinen skal nyttast til ein tomt til kårfolket, medan jorda frå tomten skal planerast utover der ein har teke ut stein for å få eit betre beite. Det er soleis tale om intern flytting av massar. Frå fylkesvegen er det ein landbruksavkjørsel inn på teigen og landbruksveg vidare innover i beite.



Figur 1 Flyfoto som syner beitearealet

Figur 2 Omsøkt areal synt med raud skravur



Figur 3 Utklipp frå street view -

Drifta på bruket er ammeku og foringsdyr. Bruket har eit samla jordbruksareal på 18,6 daa fulldyrka, 15,1 daa overflatedyrka og 84,1 daa innmarksbeite. Det omsøkte arealet er ein del av eit større innmarksbeite på om lag 70 daa. Søkjar opplyser på telefon at det kan vera aktuelt seinare å søkja om ei meir omfattande planering, men dette vert å koma tilbake til. Det vil i så fall vera eit søknadspliktig tiltak.

Søknaden har vore diskutert med byggesaksavdelinga for vurdering om det er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Dei har konkludert med at det ikkje er naudsynt med søknad etter plan- og bygningslova sidan søknaden er eit landbrukstiltak i tråd med LNF-føremålet, mindre enn 3 meter terrengendring og under 1 daa er omfatta av tiltaket.

Søknaden har vore lagt fram frå kulturavdelinga i kommunen. Dei har svart at det er ingen kjende kulturminne på det aktuelle området.

VURDERING:

Søknaden er vurdert etter forurensingsforskrifta kap 4 (bakkeplaneringsforskrifta). Bestemmelsane har til føremål å forebyggja, begrensa eller stansa ureining/erosjon frå planeringsfelt.

§ 4-2.Definisjon: Med bakkeplanering forstås arbeidet med å gjøre brattlendt eller kupert dyrkbart og tidligere dyrket areal skikket for maskinell jordbruksdrift. Det regnes som planering etter dette kapitlet når det forflyttes masse som berører et areal på minst 1,0 dekar.

Denne søknaden er omfatta eit areal mindre enn 1 daa og er difor mindre enn det som vert rekna som planering. Søknaden treng difor ikkje handsaming etter bakkeplaneringsforskrifta.

Saka er vurdert etter forskrift om produksjonstilskot og rundskriv 2020-28 frå landbruksdirektoratet.

For å ha rett på areal- og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal som vert aktivt drive må føretaket ikkje foreta inngrep som forringar kulturlandskapet jf § 4 i forskrifta: Det kan ikkje gis tilskudd dersom det foretas inngrep som forringar kulturlandskapet. Dersom annet regelverk ikkje er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper.

Søklar skriv at han ynskjer å fjerna denne knausen for å få driftsmessig beiring på beite. Uttak av stein og påfylling av jordmassar vil gjera beitet meir lettdrive, med tanke på gjødsling og beitepussing. Tiltaket er dermed vera i tråd med formålet til forskrifta om å bidra til et aktivt og bærekraftig jordbruk

Føremålet til miljøkrava er å bidra til ein meir miljøvennleg jordbruksproduksjon og kulturlandskapet er definert som både landskapsbilde, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdiar. Kommunen har vurdert om tiltaket kan ha negative konsekvensar natur- og kulturlandskap. Knausen er for det meste grasdekt og det vil arealet vera når tiltaket er ferdig. Det er liten høgdeforskjell med arealet rundt og tiltaket er lite. Det er mange knausar på beite og slik kommunen vurderer saka vil det ikkje påverkar kulturlandskapet at denne vert fjerna.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med fjerning av knausen. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar tiltaket kan ha for naturverdiar. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen ar søkt i tilgjengelege databasar for kulturminne og førespurd kulturavdelinga i Alver og ikkje funne at det er noko konflikt mellom det planlagde tiltaket og kulturminnelova. Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket med fjerning av knaus vil gje betre driftstilhøve og eit betre beite. Det er ikkje funne at tiltaket er i strid med viktige miljø- eller kulturlandskapsomsyn eller er i strid med anna regelverk. Kommunen førehandsgodkjenner tiltaket.

Regelverk

- *Forskrift om produksjonstilskot FOR-2014-12-19-1817*
- *Rundskriv 2020-28 frå landbruksdirektoratet*

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18149

Med hilsen

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Eirik Burkeland Smith	Radøyvegen 1622	5936	MANGER
Geir Magne Smith	Radøyvegen 1622	5936	MANGER